Solfest i kulingkast

08.03.2011

Dei song vakkert om sola

Det bles opp mot sterk kuling i kastane og sola glimra med sitt fråver. Men korkje dei ansatte eller dei rundt 30 barna ved den kommunale barnehagen vart skremt av det - dei avvikla den tradisjonelle solfesten i føremiddag.

- og så fekk dei is etterpå.

Dei ansatte mintes at det har vore verre: For få år sidan var det nærmast snøstorm under solfesten, som har vorte ein vakker tradisjon.
Regien er den same frå år til år.
Ungane får delt ut papirsoler og så togar dei til SPAR der dei syng solsongar og får is som beløøning. Dette året stod Sol, sol, kom igjen, Sol ute, sol inne og Sola er god på programmet.

Ungane hadde tydelegvis øvd bra og konserten gjekk rett heim! Etter SPAR-visitten gjekk flokken tilbake til barnehagen der det var servering av gul gele, bollar med gult i og gul saft.

Arrangementet gjekk greitt trass i kulingen, men nokre eksemplar av sola dro til sjøs og bles opp på barnehagetaket.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen